

Dramatisering

Øv inn teksten under. Det er tre roller. Ein skal vere Pirat-Jonny, ein skal vere Kanon-farfar, og ein skal vere Ina. Du må øve på kva du skal seie og korleis du skal seie det.

- | | |
|---------------------------|--|
| Pirat-Jonny (kviskrar): | Kan eg få opne skattkista? Ver så snill? |
| Kanon-farfar (roper): | Det er uaktuelt! Det forstår vel til og med du! |
| Pirat-Jonny (kviskrar): | Eg har aldri gjort det før. |
| Kanon-farfar (overraska): | Har du aldri opna ei skattkiste? |
| Pirat-Jonny (lei seg): | Det var alltid du, Frans, som fann skattane her på øya. |
| Ina: | Eg synest faktisk at Pirat-Jonny skal få opne skattkista. |
| Kanon-farfar (sint): | Skal Pirat-Jonny få opne skattkista?
Den verste sjørøvar-banditten på dei tolv hava? |
| Ina (bestemt): | Den same personen som nettopp lét oss gå planken?
De to må slutte fred snart. Han klarer ikkje å stikke av med skatten, uansett.
La no Pirat-Jonny få den vesle gleda. |
| Kanon-farfar (sukker): | Ja vel, då. Men skatten skal gå til biblioteket.
Prøver du deg på noko tull, skal du få smake leikesverdet mitt! |